

Studiekvalitetsmelding for Senter for vitskapsteori 2021

Master i berekraft

Storhendinga på studiesida ved SVT i 2021 var at vi tok opp det første kullet med studentar på Master i berekraft. Det første kullet på Master i berekraft er no i sitt andre semester, og alle 17 som byrja i august heng fortsatt med. Me har med andre ord ikkje hatt noko fråfall frå programmet mellom dei studentane som møtte fram. Det er vi stolte av, og det står stor respekt av studentane våre som har vore tålmodige prøvekaninar.

Programstyret for Master i berekraft fungerer godt, og dei vedtok i vinter fylgjande plan for studiekvalitetsarbeidet ved programmet.

Høst 2021: Årlig egenvurdering av emnene SDG310 og SDG311. Eit fokusgruppeintervju om det første semesteret ble gjort i desember 2021.

Vår 2022: Årlig egenvurdering av studieprogram og SDG312. SDG312 skal også evalueres av studentene. Programsensor oppnevnes.

Høst 2022: Programsensor leverer sin første

programsensorrapport. Årlig egenvurdering av emnene SDG310 og SDG311.

Vi vil gjennomføre en treårig evaluering av SDG310 og SDG311 høsten 2024, eller før om vi har behov for det.

Vi vil gjennomføre en treårig evaluering av SDG312 våren 2025, eller før om vi har behov for det.

Den femårige evalueringen av programmet skal skje i studieåret 2026/27.

Evalueringane som vart gjennomført i 2021 viser at dei obligatoriske fellesemna emna *SDG310 Introduksjonsemne: Tverrfaglege tilnærmingar til berekraft og SDG311 Kunnskapsformer* i det store og det heile fungerte godt, men det kom fram i fokusgruppeintervjuet at det var hardt for studentane å bli kasta ut i krevjande teori om berekraft, vitskap og tverrfaglegheit.

Masterprogrammet tek opp studentar med svært ulike bakgrunnar på dei tre spesialiseringane *Gobale samfunnsutfordringar, Marin berekraft og Energi og energiomstilling*, og det er ei pedagogisk utfordring å finne eit nivå på undervisinga som passar for studentar med svært ulik bakgrunn. Vi forsøkte å bøte på dette med ei blanding av tradisjonell undervising og studentleia gruppearbeid. Det var krevjande for mange av studentane, særleg utføringa av oppgåver av stor vanskesgrad og kompleksitet (som til dømes arbeid med ulike *case*), med avgrensa rettleiingsressursar.

Koordineringa mellom SDG310 og SDG311 er viktig, og den er allereie svært tett. Men vi haustar erfaringar fra dette første semesteret og ser moglegheiter for korleis vi kan forbetre

det pedagogiske samspelet mellom teori og praktiske øvingar, og vi planleggjer i juni 2022 eit undervisningsseminar for alle som underviser i dei obligatoriske emna i programmet for å integrere modulane endå betre.

Vi vil også inviterer med studentar på dette seminaret. Det var også praktiske utfordringar knytte til undervisningsrom og at studentane valte valemne som krasja med den obligatoriske undervisninga.

Dimensjoneringa av studieplassar er vi er innstilte på at blir omlag som i fjor (20 studieplassar).

Som forventa er det ressurskrevjande for SVT å drive eit program som er tverrfakultært, og der andre fakultet og institutt har studieplassar som dei rår over og har plikt til å følge opp. Ein kan seie at dette programmet er radikalt tverrfagleg, og det krevjer særskilt tett oppfølging frå programstyreleiar, studieadministrasjon og samarbeidsinstitutt. Master i berekraft er eit satsingsområde for SVT, og vi vil framover sette av ytterlegare undervisningsressursar ved SVT til dette programmet.

Dannelsesemne

SVT underviste dannelsesemne *VIT211 Global helse: Etikk, politikk og menneskerettigheter* både våren og hausten 2021. Tema for emnet var begge semestera den pågåande koronapandemien, og fungerte som pilotar for eit planlagt nytt dannelsesemne *VIT217 Pandemier*.

Emneansvarleg opplevde den digitale undervisninga som positiv og at diskusjonane i *break out rooms* fungerte tilfredsstillande. Studentane var likevel negative til digital undervisning, med unntak av studentar som nytta høve til fjernundervisning eller hadde medisinske grunner til å halde seg heime.

Studentane rapporterte at dei uformelle læringsarenaene er svært viktige. For å motverke dei negative effektane av digital undervisning, valde emneansvarleg å arrangere omvandrande seminar der dei tok byen i bruk. Dette sette studentane stor pris på og det motverka nok noko av mangelen på uformelle læringsarenaer, men langt frå alt.

Også i undervisninga av desse emna, var det ei utfordring at undervisningsrommet som vart tildelt ikkje var eigna for seminarundervisning.

Studentevalueringane viser at studentane ønska seg seminar på ettermiddag/kveldstid, samt fleire teoretiske verktøy for å orientere seg i tematikken. Dei gir også tilbakemelding på at emne er verd meir enn 5 studiepoeng.

Sidan dannelsesemna er aktualitetsemne vurderer SVT no å undervise eit emne med krig som tema til hausten. For å få dette til er vi avhengige av fleksibilitet frå fakultetet si side når

det kjem til fritak frå vanlege fristar for timeplanlegging og liknande. Fakultetet har før vist denne fleksibiliteten då SVT heiv seg rundt og laga eit emne om pandemiar i 2020, og vi håper at vi kan rekne med denne også vidare.

Dannelsesemna evaluerast av emneansvarleg og av studentane kvart semester.

VITHF900 og VITHF905 Vitskapsteori og etikk

Dei emneansvarleg for VITHF900 og 905 melder at det var utfordrande at undervisninga vart lagt om til digital undervisning i januar 2021, og det at undervisarane aldri fekk møte deltakarane andlet til andlet. For eit kurs som i stor grad er avhengige av gode diskusjonar mellom studentar og undervisarar var dette eit stort tap. Seminardagane vart korta ned, og pausane vart utvida for å gjere seminara lettare å kome seg gjennom, men dette gjekk på kostnad av tida ein kunne bruke til open diskusjon etter førelesingane og til å diskutere kvar oppgåve i rettleiingsgruppene. Sett i retrospekt skulle ein heller ha kutta på lengda av forelesingane, og haldt fast på tid til diskusjon.

Eit vanskeleg spørsmål for dei emneansvarlege er kor høgt ein skal legge det teoretiske nivået i forelesingane. Deltakarane har bakgrunn frå alle fagmiljøa ved HF, og nivå og interesse varierer når det kjem til abstrakt teori. Det er også eit svært vanskeleg spørsmål om ein skal legge lista lågare når det kjem til vitskapsteorioppgåvene som deltakarane skriv. Dei fleste leverte gode oppgaver, men nokre hadde behov for mykje ekstra rettleiing for å kome gjennom. SVT vil saman med rettleiarar og institutta ved HF prøve å finne ein balanse som fungerer for alle.

Dei emneansvarlege synes også det er naudsynt å redusere talet på tekstar deltakarane skal kommentere i noko grad, sidan dette er noko dei bruker svært mykje tid på.

Den nye modulen VITHF905 (5 studiepoeng) vart valt av berre to studentar. Desse studentane verka tilfredse med modulen, men var einige i at den var lite tilfredsstillande. Kvaliteten på oppgåvene var relativt låg og nokre av dei viktigaste aspekta ved VITHF900 (som rettleiing, presentasjon og diskusjon) vart marginaliserte. Dei emneansvarlege set spørsmål ved om eit kurs på 5 studiepoeng kan fungere bra som kurs i vitskapsteori.

Forskingsbasert utdanning

Forskingsbasert utdanning. Både dannelsesemna og emna som inngår i Master i berekraft er svært forskingsbaserte. Studentane arbeider med case, og slik blir studentane involverte direkte i forskning. Dannelsesemna hentar inn relevante ekspertar som føreleser om forskingsprosjekta dei arbeider med.

Rekruttering til masterprogram

Master i berekraft hadde mange søkarar per studieplass, men fekk ikkje fylt alle 20 studieplassane på programmet. Berre ei av studieretningane fekk poenggrense ved opptaket. SVT ønsker å fokusere

meir på rekruttering, og vi har i møte med fakultetet etterlyst ei felles fronting av studieprogram som fokuserer på berekraft ved UiB. Vi håper at vi i 2022 kan få produsert ein rekrutteringsfilm for Master i berekraft.